

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR.1 - mars 2018 50. årg.



Påskkenatts-gudsteneste side 4



Glimt frå Okhaldhunga side 8



Diakoniarbeidet i Time side 10



Elias Blix side 12

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00 tlf. 51 77 03 77

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks tlf. 51 77 03 60

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19

Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32

Sekreterar Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758

Vikar kyrkjeverj: Gunnar Bjørland Stone tlf. 962 32 582

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland (sjukmeldt)

Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjeteren: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjeteren helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545

Dagleg leiar Time: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Klokkar: Olav Njølstad Egeland tlf. 51 48 32 84

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside <http://www.brynekirkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende tlf. 904 16 888

Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481

Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

Kyrkjeteren: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjeteren helg: Karin Sofie Ersdal Olsen

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskstad tlf. 905 69 189

Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 926 55 645

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjeteren: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 959 29 283

Dagleg leiar Undheim: Steinar Sandvik tlf. 400 07 909

Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold

Besök vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no


Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Til ettertanke

Lyset skin i verda...

Det er nokre år sidan no. Men opplevinga står klistra i minnet ennå. Det var langfredag og det var påskeaftan. Eg var i Hunan provins i Kina, på veg frå provinshovudstaden Changsha til Yiyang. Det var mørkt som natta også på dagtid. Naturen var med på sin måte og minna oss om det store dramaet som var hine påskedagar, då Jesus blei krossfest, gravlagd og fór ned til dødsriket. Eg la meg til å sova påskeaftan kveld. Rullegardina på hotellrommet var dregne ned. Dei viste seg å tetta mot lys like godt som rullegardina måtte gjere under siste krig.

På påskedags morgen var det bekvart inne på hotellrommet. Eg opna rullegardinet, og blei samstundes blenda av eit intenst og vakkert lys, som eg verken før eller seinare har opplevd. Morgonsola skein så intenst at det gjorde god-vondt i augo. Det enorme lønetuntreet hadde millionar av vassdråpar hengjande på seg, «diamantar» og «prismer», som funkla og skein med alle regnbogen sine vakre fargar. Det var eit synsintrykk og ei estetisk vakker oppleving utan sidestykke for meg. Opplevinga fekk eg på påskedags morgen, oppstodedagen! Det var ei fantastisk helsing å få på nettopp denne spesielle morgonen. Gleda over den oppstadne Jesus Kristus bobla eks-tra. Oppstodedagen blei krona med at me reiste frå Yiyang tilbake til Changsha og var saman med kyrkjelyden der og feira Jesu oppstode både gjennom



Per Børge Tjemsland

forkynning, salmar og musikk, og gjenom at 6 vaksne frå kyrkja sin blinde-skule der i byen blei døypte.

Påska fortel oss om Han som kom til verda som lyset for verda. Han gjekk ned i det djupaste mørkret. Han signa over død og synd. Og nå skin lyset for oss, like inn i våre hjarte. Mørkret blir fortrengt. Han som er Lyset, lyser for vår veg gjennom livet, gjer oss varme, Guds kjærleksvarme. Han som er Kjærleiken tilgjev vår synd og gjev oss sin nåde.

Påska er Gud som har kome næر. I Jesus Kristus forsonar Gud seg med oss, og gjev oss liv, håp og framtid. Denne bodskapen skal me få lytta til i påsketida, ta til oss og satsa liv og framtid på.

Velkommen til gudsteneste i kyrkjene våre i påska.

Kjell Børge Tjemsland

Prost, Jæren prosti

Foto framsida: Pixabay

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland,

Reidun Jane Heskstad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@gmail.com innan 13. mars 2018.

Neste nr. kjem ut ca. 19. april 2018.

Min salme

Takk at du tok mine byrder

*Takk at du tok mine byrder,
eit høgfjell av skuld og av skam.
Du bar det på skuldrene dine,
du skuldlause, sonoffer-lam.*

*Takk at du bar mine synder,
betalte mi skyhøge skuld.
Med blod frå ditt fullkomne hjarta,
og ikkje med sylv eller gull.*

*So vil ved korset eg standa,
med undring eg ser: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy, eg skal leva
med Jesus til æveleg tid!*

Tekst: Trygve Bjerkrheim

Melodi: Knut Ose

«.. eg skal ikkje døy eg skal leva
med Jesus til æveleg tid» Eg
opplevde det som eit handtrykk
frå min Far i himmelen.

Inger Birgitte Kverneland



I løpet av eit liv vil ein møta utfordringar og vanskelege ting som gjer at ein set livet på vent. Korleis og kor går ferda vidare. Er det noko liv vidare..?. Slik òg for meg.

Ein fin vårdag fekk eg diagnosen brystkreft og livet blei sett på vent. Verda mi blei på ein måte delt i to, den konkrete verda med sjukehus og operasjon, og verda inni meg med mot og motløyse, tru og tvil.

Nyoperert og heimkomen frå sjukehuset, vakna eg ein morgen med at eg song ein song inni meg «.. eg skal ikkje døy eg skal leva med Jesus til æveleg tid» Eg opplevde det som eit handtrykk frå min Far i himmelen. Søndagen etter, ein fin maidag, var eg som vanleg på gudsteneste. Ein av salmane var «Takk at du tok mine byrder» med verset:

*So vil ved korset eg standa,
med undring eg ser: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy, eg skal leva
med Jesus til æveleg tid.*

Eit nytt handtrykk frå min Gud, og for meg ei stadfesting av at eg skulle få leva. Livet skulle gå vidare.

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved
hjørnet Saronsbråtet og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, maleri, leikar,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00



FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved
hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, maleri, bøker, møblar,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

Opningstider: måndag stengt.
tysdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00

Påskennatts-gudsteneste

Helgedagen fekk møta Susanne Fasselstad og John Ingve Olsen til påskeprat ein torsdag i januar. Begge har ulike oppgåver i den tradisjonelle påskennatts-gudstenesta i Time kyrkje.



Denne spesielle gudstenesta vart innført i Time i sokneprest Ingvar Fykse si tid, og har vore fast i påskeprogrammet i over 20 år. Organist Oddny Underhaug har også vore med alle desse åra. På det meste har det vore opptil 240 menneske på desse samlingane, mest ungdom. Og det fine er at dette er eit fellestiltak for heile Time: Den norske kyrkja, Frikyrkja, Bedehuskirken på Bryne og deltagarar frå ungdomsarbeidet på Lye, Undheim og Fotland.

Gudstenesta startar klokka 23 påskeaftan med mørklagd kyrkje, og deltagarane får utlevert kvar sitt lys ved inngangen. Etter klokkeringinga kjem presten inn i kyrkerommet frå våpenhuset. Han seier: - Kristus er oppstaden! Alle svarar: - Ja, han er sanneleg oppstaden! Dette blir sagt fleire gonger under prosesjonen - av prest, konfirmantar og kyrkjelyd. Ein konfirmant ber med seg det tente Kristus-lyset. Når prosesjonen har kome fram til altaret, tenner konfirmantane sine lys frå Kristus-lyset. Dei går så ned til kyrkjelyden - som får tent sine lys.

Midnattsgudstenesta brukar også å ha nattverd, lovsong leia av ei lovsonggruppe med band, vitnesbyrd og ei kort preike. Konfirmantane har mange oppgåver gjennom gudstenesta. Mot slutten tenner dei på nytt dei levande lysa frå Kristuslyset - til kyrkjelyden, før alle går ut til kyrkjegarden. Presten går føre med påskelyset, og når alle er samla ute, lyder det: - Ver ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, han som vart krossfest. Han har stått opp! Til slutt tonar songen "Deg være ære, Herre over dødens makt!" over den mørke kyrkjegarden.

Susanne fortel at ho har vore med på denne gudstenesta i 11 år, medan John Ingve styrte det tekniske for første gong i fjar. Han er tilsett i 10% stilling som kyrkjetenar i Time kyrkje, og skal vera med denne påska òg. Til dagleg studerer han data ved universitetet i Stavanger. Han kjenner seg heime i Time-kyrkja, og synest han har ein fin jobb der.

"Veteranen" Susanne er nå ungdomsleiar i Bedehuskirken på Bryne. Ho fortel at det er tradisjon at ungdommane har ei samlingsstund i heimane før dei går til fots til kyrkja. Det kan vera ein frisk tur når været ikkje er på topp!


Det må jo vera grunnar til at denne tradisjonen har halde seg i så mange år. Susanne trekkjer fram kontrasten lys - mørke, som vert så tydeleg med mørk kyrkje ved inngang, og tenning av levande lys frå Kristus-lyset.

Påskesalmane er òg med på å understreka påskebodskapen - at Kristus er oppstaden.

Og så får ungdommane sjølve vera aktive deltagarar i gudstenesta, med vitnesbyrd, lovsong og musikk.

Susanne kjenner på at det er alle sine ungdommar som er med. ikkje berre mine - men våre!

Kyrkjekaffien etterpå er også eit viktig samlingspunkt for



ungdommane, men kanskje er stunda ute på kyrkjegården noko av det mest spesielle denne kvelden: Små lys flammar mot det store mørket ved gravene, og så avslutningen som ber håpet i seg: "Deg være ære, Herre over dødens makt! Ewig skal døden være Kristus underlagt".

Kyrkja burde vore fullsett ein slik kveld, så kanskje fleire av oss godt vaksne også burde fått med oss denne påskeopplevelingen!

Tekst: LHH Foto: LHH og OU

*Marta Fotland med saxofon
ved ei tidlegare påskkenattsgudsteneste*



Den apostoliske truvedkjenninga

I Helgedagen sin gjennomgang av Den vesle katekisma er me komne til trua. Luther sette overskrifta: Korleis ein far enkelt kan læra familien sin trua. I norsk salmebok står det: Trua, med nokre forklaringar som gjer oss betre kjende med kven Gud er, og kva han har gjort for oss. Den apostoliske truvedkjenninga er eit av fem vedkjenningsskrifter i Den norske kyrkja. I tillegg kjem Den nikenske truvedkjenninga, Den athanasianske truvedkjenninga, Den augsburgske truvedkjenninga og Luthers vesle katekisme.

Den apostoliske truvedkjenninga har gamle røter i kyrkja. Allereie før år 150 etter Kristus var *Symbolum Romanum* i bruk i Roma. Etter som kyrkja spreidde seg utover Romarriket vart det meir påtengjande for kyrkjelydane å setja presise ord på trua. Når stadig nye kom til tru og vart døypte, måtte dei kunne greie ut omr trua si. Kven er deira Gud til forskjell frå andre gudar og andre tankar og idéar? Truvedkjenninga lydde ved dåpen og i gudstenesta. Den apostoliske truvedkjenninga hadde funne si nåver-

ande form før år 400 etter Kristus. Den er i bruk i den vestlege kyrkja.

Somme tider gjer einkvan seg lystig over noko som vart bestemt på eit kyrkjemøte. Den apostoliske truvedkjenninga voks fram i kyrkjelydane og blei vanleg i bruk i Vestkyrkja. Den nikenske-(år 325) og Den athanianske truvedkjenninga (år451) vart vedtekne på kyrkjemøte. Vedkjenningane er uttrykk for kva kyrkjene i møte med nye spørsmål, kunne vere einige om var kristen tru i tida. Svara dei kom fram til, fann dei gjennom nøye studiar av skrifta, lange samtalar og bøn. Vedkjenninga er ikkje Guds ord, men vitnesbyrd om Gud som kyrkja er samde om.

Når me seier fram truvedkjenninga, blir det fort ord me seier utan at me høyrer kva me seier. Me må hjelpe kvarandre så orda blir lovprising av Gud for den han er. Ofte blir truvedkjenninga sunge som ein lovesong til Gud. Truvedkjenninga seier me fram i undring, takk og tilbeding.

**Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.**

Om skaparen og det han har skapt

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Kva tyder det?

Eg trur at Gud har skapt meg og alle andre skapningar. Han har gjeve meg kropp og sjel, vit og sansar, og held alt dette ved lag. Han gjev meg klede og skor, mat og drikk, hus og heim, ektemake og born, åker og fe, og alt det eg treng frå dag til dag. Han vernar meg mot all fare og vaktar meg mot alt vondt. Alt dette gjer han av berre faderleg godhug og guddommeleg miskunn utan at eg har fortent det eller er verdig til det. For alt dette skyldar eg å takka og lova han, og tena og lyda han. (Vesle katekisma, Norsk salmebok s.1280)

Trua sine ord om Skaparen er ord om ein Gud som er aktiv. Gud har skapt alle ting, både det synlege og det usynlege. «Joh.1,3 Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til. 1 Kor.8,6 For oss er det éin Gud, vår Far. Alt vart til av han, og til han er vi skapte. Og det er éin Herre, Jesus Kristus.

Alt er til ved han, og ved han lever vi.»

Men Gud har ikkje berre skapt ein gong. Nei, han held òg alt han har skapt oppe. Ved han lever vi. Eller som Paulus sa då han tala på Areopagos: Apgj.17,27-28: «Han er då ikkje langt borte frå ein einaste ein av oss. 28 For i han er det vi lever og rører oss og er til.» Gud er aktivt til stades og fyller verda med liv. Det skjer gjennom jorda som ber grøde, familien som fører livet vidare og arbeidet som let oss produsera.

Gud harauge for kvart einaste menneske. Salme 139,13 og 16: For du har skapt mine nyrer, du har vove meg i mors liv. 16 Auga dine såg meg då eg var eit foster.

Og Gud har omsorg for kvart menneske. Matt.6,8: «Far dykkar veit kva de treng, før de bed han om det.» Matt.6,26 «Sjå på fuglane under himmelen! Ikke sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel.» Matt 6,28 og 30 «Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Når Gud kler graset så fint kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk!»

Trua at Gud vernar mot fare og vaktar mot alt vondt, og trua at Gud gjev oss det me treng dag for dag, er vanskeleg å halda fast i ulykke, når vondskap rammar og svolt rår.

I Bibelen lærer me å gå til Gud med klagen vår over alt me ikkje kjem til rette med. Det gjorde Jesus òg når han leid. Salme 22 2-6: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? Kvifor er du så langt borte når eg treng hjelp




Foto: PixaBay

... som skapte himmel og jord

og skrik ut mi naud? 3 Min Gud, eg ropar om dagen, men du svarar ikkje, eg ropar om natta og finn ikkje ro. 4 Men du er Den heilage, som tronar over Israels lovsong. 5 Til deg sette fedrane si lit, dei leit på deg, og du fria dei ut. 6 Dei ropa til deg og vart berga, dei leit på deg og vart ikkje til skamme.» Trua på Gud som ser oss og passar på oss finn ofte sitt uttrykk i klage.

Skaparverket vekker oss til takk og lovsong. Skaparverket vekker tenarvilje og lydnad. Skapartrua gjer oss til aktive forvaltarar som både tar vare på jorda og haustar av alt godt Gud gjev oss gjennom jorda. Skaparverket er Gud til ære, oss til glede og nytte.

Takk, min Gud, for hele meg:
Hjertet, håret, hodet mitt,
føttene som du har gitt,
ryggen, magen, hud og hender,
øyne, ører, munn og tenner.
Takk, min Gud, for hele meg!

Alltid vil jeg takke deg.

Norsk Salmebok 2013, 784 ,T 1958, 1960 Margareta Melin
O 1979 Liv Nordhaug

Gunnar Frøyland

Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmek-
tige Fader,
skal koma att derifrå og døma levande og
døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv. Amen.

Time kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Nepal

Glimt frå Okhaldhunga sjukehus



Okhaldhunga sjukehus ligg fint til i dalsida (Foto: R.H)

Okhaldhunga sjukehus 2017

Sjukehuset har på desse åra utvikla seg til å bli eit mørstsjukehus – godt kjent utover Nepal sine grenser. Sjukehuset har no 2 operasjonsrom, mødreneventeheim, fin fødestove med tre fødesenger, barsel-, barne-, vaksen- og tuberkuloseavdeling. Sjukehuset har òg eige laboratorium, poliklinikk og sosialkontor. Offisielt har sjukehuset 50 sengeplasser, men som oftast er der fleire pasientar. I løpet av 2017 er det fødd 1126 barn på sjukehuset. Dei aller fleste pasientane som får legehjelp er barn med infeksjon-sjukdomar.

I startfasen var det berre dei rike som kom til sjukehuset. Så vart det bestemt at barn som vog under 12 kilo skulle få gratis legehjelp. Då auka straks talet på barn, og ikkje minst talet på jenter. I kastesamfunnet tenkjer ein at ei jente berre skal giftast bort, så ein bør ikkje bruka mykje pengar på henne. «Å bruka pengar på ei jente, er som å vatna naboen sitt tre».

Okhaldhunga ligg aust i Nepal. For to år sidan kom det veg til sjukehuset. No tar det ca 8 timer å køyra frå Kathmandu til Okhaldhunga sjukehus.

Okhaldhunga - namnet er som musikk i mine øyre. Då eg besøkte sjukehuset hausten 2017, følte eg at eg kom til noko kjent. Som leiar i Santalklubben på Bryne høyrt me i mange år om Okhaldhunga sjukehus. Både lysbilete og forteljingar skapte nærliek og kjærlek til staden. Og ikkje minst namna «Kristin og Erik Böhler» som har vore Normisjon sine utsendingar sidan 2004. Kristin er sosialarbeidar

Historikk

Skotten Dr. James Dick starta i 1962 ein liten klinikksom fekk namnet Okhaldhunga sjukehus. Klinikken var på den tida den einaste helseinstitusjonen i området. Det tok sju dagar å gå til Kathmandu. Dr. James fekk ofte spørsmål om kvifor han plasserte sjukehuset så langt oppi fjellet. Han svara at dei som budde her også hadde rett på helsehjelp.

og er «navet» på sjukehuset. Erik er overlege og har alltid bakvakt når han er heime.

Målsetting: Å sjå dei usynlege

Kastesystemet står sterkt i religion og kultur i Nepal. Dersom du er kastelaus, er du nærmast dømt til å vera det livet ut. Du blir rekna som «urørleg». Ingen ser deg eller hører på deg. Slik var det ikkje på Okhaldhunga! Her blei alle menneske sett og møtt med respekt og kjærleik. Det var fantastisk å vera med Kristin Böhler på omvisning. Ho såg den enkelte pasienten, ga råd og klapp på skuldra. Det lyste omsorg og respekt av henne.

Infrastruktur

Sjukehuset ligg midt i ein region med ca 250 000 men-



Poliklinikk - godt å vente i friluft. (Foto privat)

neske. I Nepal må ein oftast ta seg fram til fots. I landskapet kan ein sjå eit stort nettverk av stiar som er flittig i bruk. Dei aller fleste som sokna til sjukehuset bur slik til at det kan ta mange timer, kanskje dagar, å nå fram, og pasienten må berast. Er ein heldig, kan ein få skyss med bil siste del av vegen. Vegen er humpete, så bilturen kan vera svært smertefull for den sjuke. Ikkje alle når fram i live.

Venteheim

Sidan mange fødande ikkje nådde fram i tide, har ein no bygt ein Mødrevanteheim. Her kan dei ventande mødrane bu saman med mannen sin eller eit anna familiemedlem og få undervisning om fødsel, barnestell, familieliv og ernæring. Familiane på Mødrevanteheimen lagar mat på omnar som vert varma opp med metangass. Mennene



Nyfødd, trygg og varm (Foto: privat)

syntest det var stort framsteg. Tenk å sleppa å leita etter ved i skogen slik dei gjorde sist!

Dei fødande får ullteppe til babyen sin. Teppe som norske kvinner har strikka. Dei fargerike ullteppa var svært populære blant mødrane.

Sjukehus i utvikling

Ved sjukehuset har dei stadig nye byggeprosjekt. Før jul i 2017 vart oksygenbygget opna. No er sjukehuset sjølvforsynt med oksygen, ja, dei kan til og med selja oksygen! Alle nye bygningar på sjukehusområdet vert no bygde for å tola jordskjelv. Resirkulering av søppel er velkjent her. Kloakk vert nytta til produksjon av metangass - som igjen vert nytta til matlaging og oppvarming. Solcellepanel på taka er lette å få auga på.

Okhaldhunga sjukehus vert no drive av Mission to Nepal, som er ein organisasjon med mange internasjonale gjevarland, og med støtte frå den nepalske stat og frå Normisjon. Saman med fleire andre norske kyrkjelydar støttar Time kyrkjelyd sjukehuset.



Mødrer og fedrar som ventar... (Foto privat)

Verdas midtpunkt

Okhaldhunga kan synast langt uti øydemarka for oss, men sjukehuset ligg midt i regionen det skal tena. Okhaldhunga er og verdas midtpunkt hvis ein tenker at slik ein lever her, slik lever fleste- parten av menneska i verda. For oss vart det igjen ei sterkt påminning om at me i Noreg sit på vår grøne grein og trur at vår levestandard er den normale.

Ein ting er eg overtydd om etter å ha besøkt sjukehuset: Støtte som vert gitt til sjukehuset, vert nytta på best muleg måte. Her er det inga sløsing, men kreativitet og nøysomhet som pregar drifta. Eg merka òg at når Kristin, Erik og direktør Tuk snakka om framtidsplanar for sjukehuset, så blei Gud ofte nemnt. Dei snakka òg tydeleg om kven som skal ha takk og ære.

Kristin og Erik Böhler har i snart 15 år gjort ein fantastisk innsats på Okhaldhunga sjukehus. Dei endrar kvar dag livet til mange menneske både fysisk, psykisk og åndeleg. Må nye helsearbeidarar kallast til arbeid ved Okhaldhunga sjukehus i åra som kjem!

Tekst: Reidun Jane Heskstad



Stor byggeaktivitet. Her er det rå muskelkraft som gjeld. (Foto: R.H)

Diakoniarbeidet i kyrkjelydane i Time

Marit Høie Hetland, saman med Jofrid Aarsland Mikalsen, er tilsette som diakonar i Den norske kyrkja i Time. Her skal dei i ein 100% stilling ha ansvaret for det diakonale arbeidet som vert drive i kyrkjelydane i kommunen. Korleis går dette arbeidet føre seg?

Alt det diakonale arbeidet me driv, tek utgangspunkt i visjonen for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja: Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste. Vidare er denne visjonen delt inn i fire hovudpunkt: nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Ut frå desse fire hovudpunktene har me formulert konkrete, lokale mål og tiltak.

Time, Bryne og Undheim har kvar sin lokale diakoniplan der alt det diakonale arbeidet me gjer, vert fortalt om.

Me ønskjer at kyrkjelydane i Time skal vera eit fellesskap som: integrerer diakonien som ein naturleg og sentral del av kyrkjelydsarbeidet, som er tilstades når livet er vanskeleg, der ein møter menneske med varme og respekt, som formidlar Jesu kjærleik gjennom forkynning og praktisk diakonalt arbeid og som har eit engasjement for lidande menneske. Alt dette er lokale mål som kvar kyrkjelyd har sett for det diakonale arbeidet.



Det er mange ulike tiltak, som: sorgarbeid, arrangera fest for alle +/- 60 år, gå på jubilantbesøk, bønnefellesskap, ha spesielt fokus og tilbod til grupper som lett fell utanfor i samfunnet. Dette er berre enkelte døme på tiltak. Det er dei mange frivillige som er kjernetroppene i diakoniarbeidet, og som gjer eit stort og nyttig arbeid! Ønskjer ein å sjå diakoniplanane, legg dei tilgjengelege på

www.time-kyrkja.no under punktet diakoni.

Kva tankar og forventningar har du om framtida for det diakonale arbeidet?

Eg tenker at det aller viktigaste er at me held oss så tett på visjonen vår som mogeleg. Me ønskjer at menneske skal få oppleva Guds kjærleik gjennom det arbeidet og dei tiltaka me gjer. Det er alltid nye oppgåver som står i kø. Samtidig tenker eg at når me har så stor grad av ulike tiltak og mange frivillige medarbeidarar, så må me finna den gode balansen mellom å halda fram arbeidet som me har, og sjå framover for å møta endå fleire behov.

Men korleis kan de få til alt dette?

Ja, det er eit godt spørsmål. Sjølv sagt hadde ikkje me to, i ein 100% stilling kunna gjort dette åleine. Det er tilsaman rundt 50 frivillige medarbeidarar. Dei gjer ein framifrå innsats, og utan dei hadde ein ikkje nådd så langt ut! Det er fantastisk å sjå korleis desse står på år etter år, og dei er til stor inspirasjon for oss som skal prøva å administrera og leggja forholda til rette for eit godt diakonalt arbeid i Time kommune. Me har mykje å vera takksame for i kyrkjelydane våre, at det er frivillige som stiller opp, til beste for medmenneska sine!

AV


Velkommen til Temakveld om sorg

BRYNE KYRKJE
Torsdag 19 . april kl. 19:30

Tema for kvelden:
«I for store sko»

Ved:
Øystein Kindervåg

Musikkinnslag.



Arr. Diakonane i Jæren prosti

- Mange treng oppmuntring i kvardagen.

Helgedagen har besøkt Aslaug Berge for å ta ein prat med henne om diakonalt arbeid

Kva betyr diakonalt arbeid for deg, Aslaug?

Det er å vera til for medmenneska, dei rundt oss. Då tenkjer eg både på dei nære, familie og slekt, men ikkje minst på dei som lever og bur i bygdene våre. Me har etter kvart fått eit kaldare samfunn, der fleire og fleire sit åleine og er einsame. Dei treng å verta sett, få besøk, oppmuntring i kvardagen! Dette gjeld ikkje berre dei eldre. Mange unge opplever og ein tøff og vanskeleg kvardag. Mitt ønskje er at fleire kunne få hjelp og støtte, også frå det kyrkjelege diakonale arbeidet. Av erfaring veit eg jo at dette ikkje er enkelt. Ein korkje kan eller bør tvinga seg på folk. Dei må vilja det sjølv!

Kva er grunnen til ditt diakonale engasjement over mange år?

Det har nok litt samanheng med utdanninga mi og det yrket eg har hatt, men òg ei generell interesse for å kunna vera eit medmenneske for nokon. Eg er med i diakoniutvalet i Time kyrkjelyd. Der har me eit godt fellesskap og prøver, saman med diakonen, å vera til hjelp i kyrkjeleg omsorgsteneste. Me er blant anna med å arrangere vårfest for alle over 60 år, Minnegudsteneste i Time kyrkja, årmålsbesøk til dei som fyller 80, 90, 95 og 100 år. Dette arbeidet gjev oss mykje glede tilbake.

Sjølv om det ikkje alltid er like lett å ta kontakt, å møta framande menneske, opplever me som oftast å verta svært så godt mottekne. Eg går glad heim etter slike møte. Kjenner verkeleg at eg har vore til hjelp og oppmuntring for eit menneske. Finst det noko større og viktigare oppgåve enn det?



Kva med framtida for diakoniarbeidet i kyrkjelydane våre?

Eg trur at me har eit ansvar for å ta vare på og hjelpe medmenneska våre. Ikkje berre på den åndelege sida, men heile menneske, med kropp og sjel. Dette finn me klare oppfordringar i Bibelen til å gjera, ikkje minst i Apostel-gjerningane.

Diakoniarbeidet vil halda fram, eg er ikkje i tvil om det. Framtida vil så visa korleis me best kan utføra dette oppdraget. Ønskjet mitt er at yngre krefter ser verdien og kor viktig det diakonale arbeidet er for kyrkjelydane våre. Me treng ungdommeleg pågangsmot og optimisme - òg i diakonien!

AV

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redd. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22400040

SOS
MELDING

SOS
CHAT

 KIRKEN S OS

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

[Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no](#)

Å snakke med folk om livet gir meinig.



Elias Blix - Nasjonsbyggjar og salmediktar



Elias Blix var professor, bibelomsetjar, politikar og salmediktar. (Foto: Oslo Museum (Byhistorisk samling))

Time historielag og Bryne sokneråd held fram å samarbeida om kulturarrangement i kyrkja. I år er det fokus på Elias Blix, professor og politikar, salmediktar og bibelomsetjar frå Nordland. Denne artikkelen er skriven før kulturkvelden 27. februar, og bladet kjem nok ikkje ut før like etter. Men eg er viss på at dei som høyrer foredraget til Anders Aschim og Jærklang sin salmesong denne kvelden, vil bli begeistra. Aschim skreiv for nokre år sidan den fyldige biografien, "Ein betre vår ein gong". Han er teolog, bibelomsetjar og sakprosaforfattar. Nå er han tilsett som professor i religion og livssyn ved høgskulen i Innlandet, og han har i tillegg "professor 2" stilling i Volda.

Store endringar i Noreg

Elias Blix (1836-1902) levde i ei tid med store endringar i det norske samfunnet. Han kom frå Sandhornøy i Gildeskål. Faren var fiskar og bonde, mest fiskar. Han dø-

dde i ei ulukke då Elias var tre år, og broren Ole var under eitt år. Mora dreiv garden vidare. Ho gifta seg opp att og fekk 3 born til.

I barne- og ungdomsåra var Elias Blix ein gut som hungry etter lærdom. Omgangskulen hadde store manglar, men den unge guten las mykje på eiga hand. Han fekk stå fremst på kyrkjegolvet ved konfirmasjonen i 1851, og soknepresten hjelpte han det første steget mot vidare utdanning. Berre 17 år gammal starta han i 1953 lærarutdanning på Seminaret i Tromsø, som yngste eleven nokon gong. Aldersgrensa var normalt 18 år. Før dette hadde han vore med på Lofotfiske i to eller tre sesongar. Første gong som "kokkglunt" og siste gong som "full kar". Men Elias Blix valgte boka framfor båten.

I løpet av dei seks åra han var i Tromsø, to år på seminaret og resten som lærar med sjølvstudium i tillegg, fekk han tak i ei hefta bok av Ivar Aasen: "Det Norske Folkesprogs Gramatikk". Boka fekk stor betydning for han: -"Eg saag det var mitt eige morsmål, berre sett i vitskapeleg ljós og samanheng", skal han ha sagt. - "Frå den dag var eg ein heilhuga målstrevar."

Til Kristiania

Elias Blix flytta aldri tilbake til heimbygda. Han budde resten av livet i byar. Men han var stolt av bakgrunnen sin. I 1859 gjekk ferda til Kristiania der han tok examen artium, og deretter studerte teologi. Det var hardt arbeid. Ved sida av studiet måtte han arbeida som lærar for å få endane til å møtast. Etter teologisk embetsekamen heldt han fram med språkleg fordjupning. Han var i gang med sin vitskapelege karriere. I 1871 gifta han seg med Emma Hansen frå Kristiania. Ho var 13 år yngre. Dei fekk ni barn, to døydde tidleg. Første barnet vart født i Leipzig, der dei budde eitt år etter at Blix fekk stipend til å studera Bibelen og semittiske språk. Han tok doktorgrad innan språkvitskap i 1876, og tre år etter fekk han professorstilling i hebraisk.

Elias Blix var politisk aktiv for Venstre. I Johan Sverdrup si regjering i 1884, den første i Noreg på parlamentarisk grunnlag, var han kyrkje- og undervisningsminister. Då fekk han gjennom viktige vedtak for nynorsk språk som likestilt med bokmål. Men det er ikkje som politikar han blir hugsa best. Heller ikkje for sitt vitskapelege arbeid som språkvitar og bibelomsetjar.

Salmeskatten

Det er først og fremst som salmediktar folk kjenner til Elias Blix. Han skapte eit vell av salmeperler, og er den som har flest salmar med i salmeboka av 1984. I 1868 var han med og skipa Det Norske Samlaget, og salmane hans medverka til at nynorsk blei akseptert. Mange nordpå er særleg glad i Blix fordi han sette ord på det nordnorske landskapet. Hans bilete, og måten han omtala gudstrua på, trefte nordlendingane.

Me som har levd ei stund, voks opp med salmesong i skulen. Og til konfirmasjonen måtte me pugga salmar. Det hadde me neppe vondt av. Mange av dei kjæraste salmane er av Elias Blix. Dei er ennå i bruk, om enn i liten grad i dagens skule. Dei aller mest kjende er kanskje Fedrelandsalmen, Gud signe vårt dyre fedreland og vårsalmen, No livnar det i lundar. Men svært mange, som til dømes: No koma Guds englar, Himmelske Fader, Med Jesus vil eg fara, No soli bakom blåe fjell og Syng i stille morgenstunder, er kjende og kjære for mange. Dei tydelege bileta frå norsk natur kjem klårt fram i salmane hans. Han er ein meister i oppbygging, ordval og rytmje. Elias Blix nyttar bilete som alle kan forstå når han set ord på åndelege tankar: Vinter som må vika for vårsol, Lyset og livet som er sterkare enn mørkret, Guds ord er som vårsol, Lysets krefter vil vinna, og Håpet om ein betre vår ein gong.

I 1896 publiserte bladet "17deMai" songen "Barndomsminne frå Nordland". Den vart svært populær og er det framleis. Den er blitt nordlendingane sin uoffisielle nasjonalsong. Då Bodø Glimt vann cupfinalen som første nordnorske lag (Ullevål Stadion, 1975), stemte tusenvis av supportarar i "Å, eg veit meg eit land, langt der opp mot nord."

Påskesalme

Det er snart påske, og det kan vera naturleg å minne om påskesalmen Ljos over grav som oss livsvoni gav. Det er den einaste salmen av Blix som står under Påsketida i salmeboka. Me møter solrenninga som Jesu oppstode og lyset som bilete på det evige livet. Engelen, som forkynner fred på julekvelden, forkynner siger over døden påskemorgon.

(Kilde: Ein betre vår ein gong, av Anders Aschim)

Påskesalme

*Ljos over grav som oss livsvoni gav,
rann med Guds Son i frå daude.
Solrenning klår som den venaste vår
steig over gravstader aude
Ljoset og livet for alle mann
strålande opp med vår Frelsar rann.*

*Engelen kvad over daudstille stad:
Krist er med siger oppstanden!
Sigrande vel over ormen frå hel
bøtte han brotet og skaden.
Syndi er sona og såret grødt,
livet av daude er etter født.*

*Kristus stod opp som livstre i knopp
som i all æve skal bløma.
Skapande liv han alt drepane driv
dauden for honom må røma.
Så ved det livstre til Herrens pris
ein gong me livnar i paradis.*

*Menneskeson, du til levande von
Ved di oppreising oss fødde!
Liv gjennom grav ved din daude du gav,
då for oss alle du blødde.
Alle som levande på deg tru,
døyande skal i ditt ljos få bu.*

*Trøyst i vår trøng som ein sumar med song
ut frå din gravstad lat lysa!
Ævelivs von gjennom trengsle og tjon
lat dine truande hysa!
Så me alt her uti daudens land
smakar den sæla du til oss vann.*

*Ljos over grav, fall som solskin på hav
Når me frå verdi skal fara!
Lys oss i land til den livsæle strand,
fram til det liv som skal vara,
så me ved ljoset frå påskedag
sæle kan leva i englelag!*

(Elias Blix 1890)



Trusopplæring i kyrkjelydane i Time



Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
 - Jesus – frelsaren
 - Den heilage Ande - hjelparen
- Me deler tru og undring.
Me deler kristne tradisjonar og verdiar.
Me deler opplevingar og fellesskap.
Me deler håp og kjærleik.

Ny trusopplærar

1. januar fekk me inn ein ny medarbeidar i trusopplæringsstaben.

Mari Ask Helland

(27 år) er tilsett i vikariat som trusopplærar på Bryne. Mari er utdanna folkemusikar og har erfaring både som utøvande musikar og med undervisning i skulen. Ho er oppvachsen på Nærbø, og bur der framleis saman med mannen sin Tom, og kattane Mille, Nøste og Vifsla. Mari har hjarta for å forkynne. Ho likar å undervise og jobbe med barn, og då vart trusopplæring eit naturleg val. Me ønskjer henne hjarteleg velkommen i staben!



Babysong på Undheim

Som ein del av tilbodet til den opne barnehagen har me babysong v/Ragnhild Hanssen for barn fødde i 2017 og 2018. Me møtets annankvar onsdag kl 10.30-11.00. Barnehagen er open mellom 10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta). Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samvær. Det vert



babysong desse dagane i vårsemesteret:
28. februar, 14. mars, 11. april, 25. april, 9. mai, 23. mai.

Småsong på Lye

Velkommen til Lykkeliten opne barnehage annankvar onsdag mellom kl 09.30 og 12.30. Songstund kl 10.30-11.00 v/Ragnhild Hanssen. Lykkeliten er open desse dagane i vårsemesteret:

21. februar, 7. mars, 21. mars, 4. april, 18. april, 2. mai

Dåpsskule for 1. klasse

Gjennom dåpsskulen ynskjer me at «Barna skal få møte med trua gjennom undring og oppleveling, leik og læring. Dette skal dei gjera ved å:

- få kjennskap til at dei er døypte og hører Jesus til.
- læra om korleis Jesus møtte menneske.
- læra om påskehendingane, frå palmesundag til 1. påskedag. Dei skal læra om kva påska betyr for oss i dag.
- læra meir om tilgjeving, både Guds tilgjeving av oss menneske, men òg korleis me menneske kan tilgje kvarandre.
- erfara bøn, og læra ulike måtar å be på.
- bli betre kjende med kyrkja og kyrkjerommet.»

Frå Trusopplæringsplanen for Bryne, Time og Undheim

Dataar:

Lye: Samlingar 27. februar og 6. mars. Dåpsskulehelg saman med Hognestad 10.-11.. mars, og avslutning på gudstenesta 11. mars kl 11.00 i Time kyrkje.

Hognestad: Samlingar 28. februar og 7. mars. Dåpsskulehelg saman med Lye 10.-11. mars, og avslutning på gudstenesta 11. mars kl 11.00 i Time kyrkje.

Bryne: Dåpsskulehelg 17.-18. mars med avslutning på gudstenesta 18. mars kl 11.00 i Bryne kyrke.

Undheim: Samlingar 3. april og 10. april. Dåpsskulehelg 14.-15. april, med avslutning på gudstenesta 15. april kl 10.30 i Undheim kyrkje.



Fasteaksjonen 2018

tysdag 20. mars

Handlar lokalt, tenkjer globalt

Reint vatn, solide doar og god hygiene til flyktningar er stikkorda når konfirmantar og konfirmantforeldre samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon, tysdag 20. mars. Fjarårets bidrag var til stor hjelp for flyktningar frå Boko Haram og Kongo.

– Då me var på flukt, hadde me ikkje vatn. Me klarte til slutt å finne litt vatn, men det var skittent, fortel Kany. Ho brukte å ha eit heilt normalt tenåringsliv heime i Kongo. Gjekk på skulen, hadde eit trygt liv med familien og song i kor i den lokale kyrkja. No bur ho og familien i eit telt i ein flyktningleir. Dei er nokre av over seks millionar kongolesarar som i dag er på flukt.

– På flukt utan mat og vatn

Kany og familien flykta frå ein krig som blussa opp i Kasai, der dei budde, og familien måtte legge ut på ei flukt som har sett spor i 14-åringen.

– Me vakna av at det var skyting i byen, og la på sprang med ein gong. Me rakk ikkje ta med oss noko. Me var på flukt i skogen i fleire dagar, og måtte gå langt utan verken mat eller drikke, fortel Kany, som saknar venene og heimen sin i Kongo.

Ho og familien kom seg trygt over til nabolandet Angola, der dei no har slått seg ned medan dei ventar på at krigen heime skal ta slutt. Takka vere støtte frå mellom anna Fasteaksjonen, har Kany no tilgang til reint vatn - berre eitt minutt frå teltet der ho bur.

– Fasteaksjonen er viktig når det hastar å hjelpe

Det er Kirkens Nødhjelp som leverer vatn, toalett, hygiene-artiklar og tømmer søppel i leiren der Kany bur. Pengane som kjem inn gjennom den årlege Fasteaksjonen, er heilt sentrale i dette arbeidet.



Ta vel imot bøsseberarane våre når dei kjem

Pengane frå Fasteaksjonen gjev oss ein økonomisk muskel som gjer det mogleg for oss å reagere raskt når ein krise oppstår, slik me gjorde i Angola då flyktningar kom over grensa frå Kongo. Då kunne me kome fort i gang, takka vere pengane frå våre norske gjevarar - mens me venta på meir støtte frå andre gjevarar, slik som FN. Støtta frå det norske folk gjer at me kan handle raskt og redde fleire liv, seier generalsekretær i Kirkens Nødhjelp, Anne-Marie Helland.

Aksjonen vert i år arrangert for 51. gong, og frivillige over heile landet samlar inn pengar ved å gå med bøsser eller ha ulike arrangement. Pengane går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

Ta vel imot bøsseberarane våre når dei kjem.

--- for tanke og ettertanke

Første Torsdagstreff 2018

På veg ut av Bryne kyrkje etter det første Torsdagstreffet dette semesteret, var volumet høgt. Slik kan det vera når omlag 70 pensjonistar i flokk er begeistra. Det var tidlegare fylkesmann, Tora Aasland, som hadde gitt oss streif inn i sitt mangeårige liv på Løvebakken, både som stortingsrepresentant og statsråd. «Glimt frå Løvebakken» var temaet.

Tora Aasland kåserte med eit innsyn og historisk vidsyn frå Arne Garborg sine tankar og avisinnlegg - til dyra, dei to løvene ved stortingsbygningen - som begeistra tilhøyrarane. For Brit Lund, flyttfugl til Bryne frå «Trondhjem», var løvene tema på vegen ut. Det finst ikkje så mange andre løver i Noreg, så eg lytta intenst. Dette hadde eg korkje visst eller tenkt på før:



- Det var virkelig interessant å høre om livet på Stortinget fra en som har arbeidet der i mange år og som kjenner lover og forordninger landet vårt blir styrt etter.

Når Løvebakken nevnes, ser jeg for meg de flotte løvene og den kraft og styrke som signaliseres gjennom dem. Det var en drapsdømt straffange på livstid som utførte arbeidet med å hogge løvene i stein. Han ble i ettertid benådet for innsatsen.

Mange ganger har jeg som lærer fått spørsmålet om hvorfor

det er to løver utenfor bygningen der vårt Storting holder til. Her er det mye interessant stoff som kanskje Torsdagstreffet en annen gang kunne gått nærmere inn på ! Moster-loven av 1024 og Christian den V's norske lov av 1687 kom i stand fordi vi fikk en ny tenkning gjennom kristendommen. Slik sett er Løven av Juda, symbolet på Israels Gud, og i kristendommen symbolet på Jesus Kristus, selve kjernen i norsk kultur, og altså visualisert på Løvebakken.

Løven av Juda står for rettferdighet, barmhjertighet og slutt på



Løva av Juda er ein sentral figur i det moderne kommunevåpenet til byen Jerusalem.

slaveri, kort sagt fremskritt. Da grunnloven av 1814 ble kjent blant folk, betraktet mange den som hellig. Den var i tråd med den kristendommen de kjente. På Stortinget finner vi 1905-utstillingen. Der ser vi at grunnloven ble oversatt til hebraisk i 1814. Det norske riksvåpenet, som er ett av de eldste i Europa, har også en løve. Nåværende utgave, som er fra 1992, har en løve med øks og krone, og med korset over dette. ---

Ein kan bli kortpusta av mindre konsentrert informasjon. Med eitt skjøna eg kvifor den pensjonerte læraren og «flyttfuglen» frå «Trondhjem» har vore interessert medlem i historielaget i Time mens ho har budd her. Og Løvene på Løvebakken, desse høgst unorske dyra, vart brått både sentrale og spennande også for meg.

Så takk til dykk som månadleg står for desse samlingane for oss pensjonistar -- med alltid gilde songstunder og interessante tema, andakt og god mat!

«At alle pluss/minus 60 skal kjenna seg velkomne og trivast» les me i annonsen i Helgedagen. Og slik er det. Me kjenner oss så velkomne og me trivst .

emb



**Den nåverande offisielle versjonen av Noregs riksvåpen.
Teikna av Sverre Mørken i 1992**



Eyvind Skeie

- salmeskrivar, forfattar og teolog -

Bryne kyrkje, sundag 08.04.2018, kl. 19.00.

«Pilegrim»

Foredrag, korsong, solosong, fellessong og musikk.

Pilegrimsmotivet i vid forstand vil bli trekt fram i foredrag og frå dei salmane av

Skeie som blir sungne.

Bevertning.

Inngangspengar: kr 150

Arrangør: Pilegrimskomitéen for Jæren prosti

Dynamiske Folketoner

Gamle folketoner med nye tekster og arrangement



www.poj.no www.krumins.no

Per-Øivind Johannessen, sang

Michael Krumins, gitar

Brynekyrkja

Søndag 18.mars kl 20

Kr 150,- (barn gratis)

<p>JærTannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800</p>	<p>JP JÆRPRINT TRYKK & DESIGN</p>	<p>aktiv.</p> <p>Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg!</p> <p>Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no</p>
<p> BERGENE MASKIN Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne Graving-Transport-Singel-Grus-Solla jord E-post: arvid.bergene@bergenemaskin.no <i>Arvid Bergene</i> Org.nr. NO 980 557 901 MVA Daglig Leder www.bergenemaskin.no Mob. 917 30 249</p>	<p>MotorForum Stavanger - Sandnes</p> <p>  </p>	<p>Vi meglrer frem dine verdier www.aktiv.no</p>
<p> STEINSLAND & CO Hauglandsveien 204, 4346 Bryne</p>	<p>WACO Forsikringsmegling as</p>	<p> EL-TEAM Elektroentrepreneur  Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>
<p>AutoMester® bilverkstedkjeden JAN REIME BIL & KAROSSEI AS 4340 BRYNE, Hålandsveien 37 Tlf: 51 48 12 00</p>	<p>Johansen Elektriske as Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>	<p> TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>
<p> PIZZABAKEREN™ Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00</p>	<p>Kverneland Bil Vi tar ansvar! Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82</p>	<p> JENS GERLACH SØRENSEN A·S</p>
<p>Aanesstad Maskin 900 59 966 www.aanestadmaskin.no Graving - Leing - Masseflytting</p>	<p> Holmane Bil Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80 http://holmanebil.no    </p>	<p>haver Haver Advokatfirma AS Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50</p>
<p> e i k h i eikh.no</p>		

VÅRFEST

for alle +/- 60

Undheim kyrkje

Sundag 18.mars kl.15.00



- Kåseri ved Anne-Sofie Haarr
- Andakt av Jens Olav Mæland
- Varhaug musikklag deltek med song og spel
- Kulturskulelever deltek
- Allsong, god mat og drøs

VELKOMEN!

Arr: Time diaconiutval

PILEGRIMSVANDRING

for heile Jæren prosti

2 påskedag , 02.04.2018, kl. 11.00

Pilegrimsvandring frå Nærlandsparken
via Håtangen til Kristkrossen på Njærheim.

Parkering på P-plass ved den tidligare kyrkja.

Me startar med kort friluftsgudsteneste.

Vandringa tek til straks etter.

Ta med matpakke og drikke til ein pause undervegs.
Velkommen til å vere med bare på gudstenesta også.

Kjell Børge Tjemsland har gudstenesta.
Reidun Gudmestad og Ola Undheim leier pilegrims-
vandringa.

(Neste vandringar er Jonsok 24.6 og Olsok 29.07)

Arrangør: Pilegrimskomitéén for Jæren prosti

**Jubileumshelg med
Evangeliesenteret
i Bryne Frikyrkje
8.–11. mars 2018**

Trond Palmgren Eriksen Knut Labraten Hanne Sørmo Asbjørn Skjortnes Jostein Kirkenes

Torsdag kl. 19.00 Kveldsmøte med Asbjørn Skjortnes
Fredag kl. 19.00 Kveldsmøte med Trond Palmgren Eriksen
Lørdag kl. 14.00 Sang og vitnemøte, appell Knut Labraten
Lørdag kl. 19.00 Kveldsmøte med Hanne Sørmo
Søndag kl. 11.00 Gudstjeneste med Trond Palmgren Eriksen
Søndag kl. 19.00 Kveldsmøte med Asbjørn Skjortnes

Stortingsrepresentant Olaug Vervik Bollestad åpner årets jubileumshelg fredag

Sentermusikken under ledelse av Jostein Kirkenes deltar på alle møtene
Beboere ved Varna Evangeliesenter vitner om veien fra rus og ytterste mørke, til håp og nytt liv!

Arranger: Bryne Frikyrkje Arrangementet støttes av

AKTUELT OM
DET SOM
BETYR NOE

misjonutidende

Evangeliet
tilbake til jødene

Den Norske Israelsmisjon
www.israelsmisjonen.no

Vil du at flere jøder skal komme til tro på Jesus? Vipps din gave til 19333



Gi til NMS – få skattefradrag!

Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no



Hugs mat til småfuglene

Skaparverket

Fuglekassen

Klosterklokker og snøklokker fortel oss at våren vaknar. Grøne blad spring fram på bare kvistar, visne marker grønkar og løvetenner gror fram overalt. Flytfuglane kjem tilbake og blandar seg med dei som har vore trufaste gjester til frø og smular på brettet gjennom vinteren. Det er fuglekvitter i lufta om me tek oss tid til å lytta. Har du ein fuglekasse, kan du snart fylgja med på kven som flyttar inn der.



Eg har ei oppmoding til dykk som har høve på dagtid til å fylgja skikkeleg med på fuglekassen. Tanken min går vel helst til bestemor, bestefar, barnehagar, osv. Å fylgja livet ved fuglekassen saman med born er ei stor oppleving. Fuglane kjem på "visning". Fleire kan vera innom kassen før eitt par tek regien. Så kan vaksne og born saman få gilde undringsstunder mens reiret vert til, - strå for strå i rask flukt rett inn i kassen. Fugleparet jobbar ivrig. Etter reirbyggjing vert det nokså stille. Egga må koma, og så er det rugeperiode på omlag 14 dagar. Når eggja ein dag er klekte, vert det travle tider igjen. Dei nye skapningane treng føde, og det er mange munnar i eit reir. Mateprosessen, så lenge det er dagslys, kan gi mange tankar.

Når born får leva med i dette ekte eventyret, vert dei stille og kviskrar gjerne fram sine kommentarar. Har du ikkje fuglekasse, så skaff deg ein! I hagen eller nærområdet vårt er det kanskje meisar og svartkvite fliesnapparar som kappast

om reirplass. Ynskjer du helst ein söt blå- eller svartmeisfamilie som leigebuar, så får du det med innflygingsopning på bare 28 mm i tverrmål. Det vanlege for andre småfuglar er 32 mm.

I det digitale samfunnet me har fått, må me gjerne meir enn før læra å sjå, undrast og bli glade i skaparverket. «Spør berre dyra, og dei skal læra deg, spør fuglane under himmelen og dei skal opplysa deg,» står det Job 12,7. Proppar i øyrene, mobil og brett må ikkje få overstyrtalivet. Lat oss i glede og undring ta i mot våren med opne sansar.


Skriv gjerne ned borna sine tankar ved fuglekassen! Helgedagen er interessert i å få del i dei, kanskje som innlegg i denne spalten: Skaparverket, Helgedagen@gmail.com

emb

Det litt muntre hjørnet:



HelgeKryssord - 1/18 (av Gabriel Tengsareid)



Løsing Helge-kryssord - 5/17

Ein eldre skotsk emissær brukte alltid å takka Gud forvêret. Sjølv nårvêret var verkelig därleg, brukte han å be: «Me takkar deg Herre, for atvêret ikkje kvar dag er så därleg som i dag!»

Vassrett

- | | | |
|--------------------------|------------------------|-----------------------------|
| 1. Påskesalme | 32. Kvinnenamn | 6.Pugg |
| 11. Heilt opplagt | 34. Gå | 7.Hustype |
| 13. Møbel | 35. Mynt | 8.Nekting |
| 14. Ekstremistgruppe | 36. Stund | 9.Snill |
| 15. Tinn (kjemisk teikn) | 37. Tone | 10.Grei |
| 16. Fyrstetittel | 39. Overnattingsstader | 12.Like konsonantar |
| 17. Grep | 41. Vokalen | 19. Blekksprutar |
| 18. Ha for vane | 42. Pronomen | 20. Røyte |
| 20. Ly | 43. Kryp | 23. Jødeforfølging |
| 21. Ankelen | 44. Læresetning | 26. Mannsnamn |
| 22. Musikkplate | | 28. Merke brukt som symbol |
| 24. Snyltar | | 33. Frost |
| 25. Musikkinstrument | | 34. Mat (omv.) |
| 26. Nettverk | | 38. Ha ei (veik) kjensle av |
| 27. Fred | | 40. Stille |
| 29. Høgtid | | |
| 31. Luke | | |

Loddrett

- | | | |
|-------------------------|------------------------|-----------------------------|
| 1.Finstilt | 32. Kvinnenamn | 6.Pugg |
| 2.Treet | 34. Gå | 7.Hustype |
| 3.Test | 35. Mynt | 8.Nekting |
| 4.Ikkje mogleg å klare | 36. Stund | 9.Snill |
| 5.Som har med stil/form | 37. Tone | 10.Grei |
| 6.gjere | 39. Overnattingsstader | 12.Like konsonantar |
| | 41. Vokalen | 19. Blekksprutar |
| | 42. Pronomen | 20. Røyte |
| | 43. Kryp | 23. Jødeforfølging |
| | 44. Læresetning | 26. Mannsnamn |
| | | 28. Merke brukt som symbol |
| | | 33. Frost |
| | | 34. Mat (omv.) |
| | | 38. Ha ei (veik) kjensle av |
| | | 40. Stille |

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!"
Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

JÆREN MISJONSSTUDIO Nærradioen med godt nytt

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9
www.jmradio.no

Sendetider

Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13,8.

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)

tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)

tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105

Sokneprest Johannes Nedrelid

tlf. 926 55 645

Diakon Marit Høie Hetland

tlf. 48 89 69 19

Diakon Jofrid Aarsland Mikalsen

tlf. 48 89 72 32

**Vil du gi en gave
til Normisjon?**

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no



BLIFADDER!

www.blifadder.no

© 22 94 26 00 misjonsalliansen



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

12.11.2017: Oliver Undheim Idsøe, Angelika Seldal
14.01.2018: Leonora Tollaksen, Karen Haugen Torland, Regine Haugen Torland
04.02.2018: Ada Heskje

TIME KYRKJE

04.11.2017: Iben Hegland Bilstad, Julie Refve Fjermestad, Mario Strand Liland, Victoria Sirevaag Ree, Nora Vigdel
19.11.2017: Markus Kro Hegre, Sille Torp Bloch Moberg, Stine Nesse Reime, Ulrik Rosenquist Thu
01.01.2018: Jakob Strand Ree
14.01.2018: Adrian Bryne Vorkinn
03.02.2018: Henrik Frantzen, Mathias Goa, Adrian Lura, Herman Paulsen

UNDHEIM KYRKJE

12.11.2017: Hannah Christine Østborg
29.11.2017: Mathilde Grannes Herikstad

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

26.12.2017: Jakob Solvang (Jeløy kirke)

VIGDE

TIME KYRKJE

30.12.2017: Inger Elise Søiland-Egeland og Tore Egeland



Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på:
diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

DØDE

Eirik Standish Norheim, Målfrid Kleppe, Anne Skjeraaug Apeland, Ingeborg Time, Beate Kristine Tønnesen, Rolf Andersen, Søren Kristian Nedrebø, Ordin Tøge Johansen (Frøyland og Orstad), Tollef Holen, Torunn Tryggeseid, Palma Sigfrid Ueland, Tordis Fiskå Thu, Bjørg Sollaug Risa, Bjørg Wist, Alf Magne Hansen, Hans Gerhard Bjelland, Svein Kjetil Vatne, Sigrid Hove, Turid Sigrund Langeland, Tordis Hadland, Liv Søyland

Begravelsesbyrå



Obed
Bryne
Begravelsesbyrå

www.obed.no

tlf: 51 77 80 80

24-timers vakttelefon

Skulegata 9, 4340 Bryne



KROGEDAL
begravelsesbyrå

DØGNVAKT
51 97 29 00

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Åskretting
og Brikt Goa

Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER

www.krogdal.no

3. GENERASJON BEDEMANN
Bryne
Begravelsesbyrå

Arild Aase

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
Gjesdal • Jæren • Sandnes

51 61 04 00
Hele døgnet

Hanne Brit Sandsmark
og Møyfrid Hersdal

www.novabegravelse.no



Velkommen til
gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



GOD PÅSKE

Sundag 11. mars 4. s i faste Bryne kyrkje kl. 11.00 Time kyrkje kl. 11.00 Bryne kyrkje kl. 19.00	Joh. 3, 11 – 16 Gudsteneste med familiefokus. Nattverd Gudsteneste. Dåp Kveldsgudsteneste. Nattverd
Sundag 18. mars Maria bodskapsdag Bryne kyrkje kl. 11.00 Lye forsamlingshus kl. 10.30	Luk. 1, 46 – 55 Familiegudsteneste. Nattverd Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Sundag 25. mars Palmesundag Undheim kyrkje kl. 10.30 Lye forsamlingshus kl. 10.30 Time kyrkje kl. 11.00 Bryne kyrkje kl. 11.00	Matt. 26, 6 - 13 Gudsteneste. Dåp Gudsteneste. Nattverd Gudsteneste. Nattverd Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule
Torsdag 29. mars Skjærtorsdag Bryne kyrkje kl. 19.00 Undheim kyrkje kl. 19.00	Luk. 22, 14 – 23 Gudsteneste. Nattverd Gudsteneste. Nattverd
Fredag 30. mars Langfredag Bryne kyrkje kl. 11.00	Joh. 18,1 – 19,42 Langfredagsgudsteneste
Laurdag 31. mars Påskeaftan Time kyrkje kl. 23.00	Mark. 16, 1 – 8 Påskenattsgudsteneste. Nattverd
Sundag 1. april 1. Påskedag Undheim kyrkje kl. 10.30 Time kyrkje kl. 11.00 Bryne kyrkje kl. 11.00	Matt. 28, 1 – 10 Høgtidsgudsteneste Høgtidsgudsteneste. Dåp Høgtidsgudsteneste.. Nattverd. Sundagsskule
Sundag 8. april 2. s. i påsketida Bryne kyrkje kl. 11.00 Time kyrkje kl. 11.00	Joh. 21, 15 – 19 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule Gudsteneste. Dåp
Laurdag 14. april Time kyrkje kl. 15.15.	Dåpsgudsteneste
Sundag 15. april 3. s. i påsketida Lye forsamlingshus kl. 10.30 Undheim kyrkje kl. 10.30 Bryne kyrkje kl. 11.00 Bryne kyrkje kl. 19.00	Joh. 10, 1 – 10 Gudsteneste. Sundagsskule Familiegudsteneste Gudsteneste med familiefokus. Nattverd Kveldsgudsteneste. Nattverd
Sundag 22. april 4. s i påsketida Bryne kyrkje kl. 11.00 Time kyrkje kl. 11.00	Joh. 13, 30 – 35 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule Gudsteneste. Dåp
Laurdag 28. april Bryne kyrkje kl. 11.00 Kl. 13.00	Gudsteneste med konfirmasjon Gudsteneste med konfirmasjon
Sundag 29. april 5. s i påsketida Lye forsamlingshus kl. 10.30 Undheim kyrkje kl. 10.30 Bryne kyrkje kl. 11.00	Luk. 13, 18 – 21 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule Gudsteneste med konfirmasjon
Sundag 6. mai 6. s i påsketida Bryne kyrkje kl. 10.30 Kl. 12.30 Time kyrkje kl. 11.00	Matt. 7, 7 - 12 Gudsteneste med konfirmasjon Gudsteneste med konfirmasjon Gudsteneste. Nattverd
Torsdag 10. mai Kristi Himmelfartsdag Time kyrkje kl. 10.30 Kl. 12.30	Luk. 24, 46 – 53 Gudsteneste med konfirmasjon Gudsteneste med konfirmasjon
Sundag 13. mai 7. s i påsketida Lye forsamlingshus kl. 10.30 Undheim kyrkje kl. 10.30 Bryne kyrkje kl. 19.00	Joh. 3, 16 – 21 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule Gudsteneste med konfirmasjon Kveldsgudsteneste. Nattverd